



Bygg Prosjekt AS  
Fantoftvegen 14P  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1439 - 20/44669

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.07.2020

## Ferdigattest for etablering av plateheis og nytt brannskille - gbnr 188/706 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 722/20  
**Tiltakshavar:** Foss Eiendomsselskap AS  
**Ansvarleg søkjar:** Bygg Prosjekt AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for ny plateheis i tilknytting til eksisterande trapperom med tilhøyrande bygningsmessige endringar og endringar i brannskille i bygg med id 19233243 på eigedom gbnr 188/706. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.02.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 01.07.2020.

### Skildring

Bygningstiltak:	Ny plateheis med tilhøyrande bygningsmessige endringar samt endringar i brannskille.
Bygningsnummer:	19233243

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1439

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Bygg Prosjekt AS  
Foss Eiendomsselskap AS

Fantoftvegen 14P 5072  
Kvassnesvegen 23 5914

BERGEN  
ISDALSTØ

### **Mottakarar:**

Bygg Prosjekt AS

Fantoftvegen 14P 5072

BERGEN